



Alver kommune - Plan og byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2662 - 20/6948

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

07.02.2020

Søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for oppføring av tilbygg og fasadeendring - gbnr 103/1 Fjellanger - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for oppføring av tilbygg og fasadeendringar på gbnr 103/1 Fjellanger datert 20. januar.

Våningshuset som søknaden gjeld vart i følgje Norske gaardsbruk bygd i 1898. Det var opphavelig ei lemstove av typen som var svært vanleg i vårt område. Våningshuset er seinare bygd til, taket på den eine sida er løfta og det er også gjort fleire andre endringar på fasaden. Vår vurdering er, på bakgrunn av dette, at kulturminneverdien på dette bygget ikkje er så høg at me vil rå i frå at det vert gjeve løyve til tiltaket det vert søkt om.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune - Plan og byggesak